



Tore Mathiesen med det ferske haustnummeret av Uskedalsposten og eit panoramabilete av dalen teke frå mikrofly. Det og dei andre bileta kan ein bestilla ved å nytta skjemaet i avisa.

Laurdag kom haustnummeret av Uskedalsposten i sal og den dominerande saka denne gongen er Uskedalen og fjella rundt sett frå mikrofly! Bileta er teke av Erlend Moen frå det nye mikroflyet til Frode Leikvoll og dekkjer heile 13 sider i avisa. Dei vart tekne om kvelden 26. juli.

- Det er og høve til å bestilla bileta i avisa. Dei blir laga på vanleg fotopapir. Bestillingsskjema finn ein i avisa, opplyser leiar i Hobbyklubben og primus motor bak avisa Tore Mathiesen.

Det er Hobbyklubben med base i bedehuset som gjev ut Uskedalsposten, og overskotet går til konkrete føremål som til dømes nye møblar i bedehuset.

Avisa kom med sitt første nummer til jul i fjor. Den kjem med fire nummer i året og denne gongen har avisa heile 44 sider!

I tillegg til leiarane Tore Mathiesen, Britt Torill M. Mathiesen og Ola Matti Mathisen har Thor Inge Døssland og fire jenter som er 10 og 11 år gamle vore med og laga dette nummeret. Dei fire er Eirin R. Kjærland, Marit-Inga T. Sture, Katrine Y. Røssland og Ann Lisbeth Moen.

Redaksjonen har håp om at fleire vil bli med i avisgruppa og laga juleavisa. Den startar dei med etter haustferien.

Andre artiklar i haustnummeret handlar om Unge Røyster, bedehusutbygginga, kulturskuletilbodet, hjortejakta, storfiskaren Arne Terje Haugland, AFA, Fjellandsbø/Friheim og kursdeltaking i sommar. Og så har førsteklassingar ved skulen teikna kva dei har opplevd denne sommaren. Teikningane laga dei på den aller første skuledagen sin.